

# Føresegner for Fylkeskappleik og DM på trekkspel og toradar

Desse føresegnene er oppretta i samband med samanslåinga av Fylkeskappleik og Distriktsmesterskap på trekkspel og toradar i 2024

Arrangørane er Møre og Romsdal folkemusikklag (MRFL) og Norske trekkspilleres landsforbund (NTL) Møre og Romsdal.

## 1. Formål:

Møre og Romsdal Folkemusikklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.

NTL Møre og Romsdal sitt føremål er å arbeide for trekkspelmusikkens utvikling og fremje eit godt samarbeid, og venskapeleg forhold mellom medlemmar, klubbar og orkestre. For øvrig skal kretsen være eit serviceorgan for NTLs medlemmar i fylket.

## 2. Kappleiken/Distriktsmesterskapet

Føremålet med tevlinga er:

1. å gjere songen, musikken og dansen betre kjend.
2. å lage ein møtestad for både aktive og passive vener av norsk folkemusikk, -song og -dans, og trekkspelmusikk i mange sjangere.
3. å motivere dei aktive til å betre prestasjonane sine, og å styrke dei lokale tradisjonane i Møre og Romsdal.

## 3. Tevlingsnummer på kappleik/DM

- 1) Spel på fele, solo, gruppe og lagspel.
- 2) Spel på hardingfele, solo, gruppe- og lagspel.
- 3) Spel på trekkspel, solo, gruppe- og lagspel.  
(På trekkspel kan ein også delta i klassar der det vert spelt andre sjangrar enn folkemusikk)
- 4) Spel på toradar, solo, gruppe- og lagspel.  
(På toradar kan ein også delta i klassar der det vert spelt andre sjangrar enn folkemusikk)
- 5) Andre eldre folkemusikkinstrument, solo, gruppe- og lagspel.
- 6) Dans, solo, par- og gruppe.
- 7) Vokal, solo og gruppe.
- 8) Open klasse.
- 9) Nyskaping, instrument eller vokal.

11) For å unngå mange klassar med ein eller to deltakarar, kan Kappleik / DM arrangøren, i samråd med styret i MRFL / NTL, slå saman klassar innanfor solo, gruppe- og lagspel dersom det er lite påmelding.

## 4. Klasseinndeling

### Folkemusikk-klassar

Tevlingsnummer i spel er den eldste tradisjonsmusikken innan kvart distrikt.

I song gjeld dei eldste songtradisjonane for kvart distrikt.

I dans gjeld dei danseformene det er tradisjon for i kvart distrikt.

I spel deltek utøvarar med to melodiar.

Utøvarane skal leggje vekt på å syne rikdommen i meloditilfanget, og bør spele melodiar/slåttar med ulik taktart eller med ulik karakter. Ein kan ikkje nytte notar.

I vokal folkemusikk er framføringstida om lag to til seks minutt for å få nokolunde likt samanlikningsgrunnlag. Dersom visa er lang, er det nok med ei. Ein kan ikkje nytte skriftleg hjelpetekst.

I dans krevst det berre ein dans. Frå dei områda som har tradisjon for korte dansar, kan det framførast fleire dansar etter kvarandre. Maksimumstid er fem minutt.

### NTL-klassar

I trekkspel- og toradarklassane det fleire sjangrar enn folkemusikk:

-Solist, variete er solistiske klasser.

-Underholdningsmusikk, orkesttermusikk, kammermusikk er samspelklassar.

### Samanslåtte klassar

Det vil vere nokre klassar som er felles for både MRFL og NTL. Desse klassane vil ha tilpassa føresegner.

<u>Klasse</u>	<u>Type</u>	<u>Pris</u>
<b>Folkemusikk</b>		
<b>Dans Hardingfele/Fele klasse A</b>	Pardans	300kr
<b>Dans Hardingfele/Fele klasse B</b>	Pardans	300kr
<b>Dans Hardingfele/Fele klasse C</b>	Pardans	150kr
<b>Dans Hardingfele/Fele klasse D/E</b>	Pardans	300kr
<b>Eldre Folkemusikkinstrumenter Junior</b>	Solo	150kr

<b>Eldre Folkemusikkinstrumenter Senior</b>	Solo	300kr
<b>Gruppespel Junior utan komp</b>	Gruppe	100kr
<b>Gruppespel Senior utan komp</b>	Gruppe	200kr
<b>Lagdans Junior</b>	Lag	1000k
<b>Lagdans Senior</b>	Lag	1500k
<b>Lausdans Junior</b>	Solo	150kr
<b>Lausdans Senior</b>	Solo	300kr
<b>Lagspel Junior utan komp</b>	Lag	1000k
<b>Lagspel Senior utan komp</b>	Lag	1500k
<b>Spel Hardingfele/Fele klasse A</b>	Solo	300kr
<b>Spel Hardingfele/Fele klasse B</b>	Solo	300kr
<b>Spel Hardingfele/Fele klasse C</b>	Solo	150kr
<b>Spel Hardingfele/Fele klasse D/E</b>	Solo	300kr
<b>Vokal Junior</b>	Solo	150kr
<b>Vokal Senior</b>	Solo	300kr
<b>Vokal Gruppe Junior</b>	Gruppe	150kr
<b>Vokal Gruppe Senior</b>	Gruppe	300kr
<p>Deltakarane vert delt inn i følgjande klassar:</p> <p>Kl.A - for dei som har oppnådd 1. premiegrad to gonger på landskappleik i kl. B.</p> <p>Kl.C - for deltakarar f.o.m. det året dei fyller 12 år t.o.m. det året dei fyller 18 år.</p> <p>Rekruttklassa - for deltakarar under 12 år (t.o.m. det året dei fyller 11 år).</p> <p>Kl.D - for deltakarar over 60 år.</p> <p>Kl.E - for deltakarar over 70 år.</p> <p>Kl.B - alle andre.</p>		
<p>A-klassingar som ikkje har stilt opp på landskappleik dei siste fem åra, kan velje om dei vil delta i kl.A eller B.</p> <p>Deltakarar over 60 år kan velje om dei vil delta i D-klassen, eller i den klassen dei tidlegare har deltatt i. Når dansarar tevlar i D-klassen, har dei høve til å danse med følgje.</p>		

<p><b>I dans</b> blir paret dømt samla. Deltakarar frå kl. A og B som dansar saman, blir dømde i kl.B. Rett til å danse i kl. A gjeld berre den dansen dansarane fekk 1. premie for i kl.B. Dersom dansarane i pardans tilhøyrar kvar sin klasse (alder), skal dei begge delta i den høgaste aldersklassen. Alternativt kan den eine dansaren delta med følgje. Ein dansar kan vere følgje berre ein gong.</p> <p><b>I lagdans</b> skal det vere frå fem til ti par. Ein dansar får danse i lagdans berre ein gong. Dessutan kan dansarane også delta ein gong i lagdans, i lausdans. Juniorar kan i tillegg delta i lagdans junior.</p>		
<p><b>NTL-Klassar</b></p>		
<p>Klassane inndelast etter musikkform. I klassane solo, duett, varieté, kammer-, orkester-, og underhaldningsmusikk skal deltakarane framføre musikk som ikkje er folkemusikk / gammaldans</p> <p>(Gjeld ikkje juniorklassane for durspel solo, durspel duett og delvis orkester)</p> <p>For deltakarane i alle klassar vil det vere ein fordel å vise flest moglege sider av seg sjølv som muskar ved å framføre eit program med ulik karakter / stilart.</p> <p>Samspel med andre instrument er tillatt (unntatt duettar), men trekkspellet/durspelet skal ha ein framtrédande rolle.</p>		
<p><b>Gammaldans solist trekkspel/durspel junior</b></p>	solo	150
<p><b>Gammaldans solist trekkspel/durspel senior</b></p>	solo	300
<p>Det skal spelast 2 melodiar i ulike danseartar i klassen. Dansetakt og danseappell vert vektlagt i dømninga.</p>		
<p><b>Solist Durspel junior</b> (til og med 14 år) maks speletid 15 min</p>	solo	150kr
<p><b>Solist Durspel senior</b> (frå og med 15 år) maks speletid 20 min</p>	solo	300kr
<p>Det oppfordrast til å spele andre stilarter enn berre gammaldans i desse klassane</p>		

<b>Duett Durspel junior</b> (til og med 14 år) maks speletid 12 min	duett	150kr
<b>Duett Durspel senior</b> (frå og med 15 år) maks speletid 15 min	duett	300kr
Her kan ein spele både gammaldans og andre sjantrar		
<b>Solist Trekkspel junior</b> (til og med 14 år) maks speletid 15 min	solo	150kr
<b>Solist Trekkspel senior</b> (frå og med 15 år) maks speletid 30 min	solo	300kr
<b>Duett Trekkspel junior</b> (til og med 14 år) maks speletid 12 min	duett	150kr
<b>Duett Trekkspel senior</b> (frå og med 15 år) maks speletid 15 min	duett	300kr
<b>Underhaldningsmusikk junior</b> maks speletid 10 min	klubb	1000k
<b>Underhaldningsmusikk senior</b> maks speletid 12 min	klubb	1500k
Lettare form for musikk (ikkje gammaldans), spelt av trekkspelorkester. Andre instrument kan nyttast, men trekkspelet skal ha ei framtrekande rolle. I juniorklassen er aldersgrensa t.o.m 17 år, med unntak av komp og dirigent.		
<b>Orkestermusikk junior</b> maks speletid 12 min	klubb	1000k
<b>Orkestermusikk senior</b> maks speletid 15 min	klubb	1500k
Klassisk musikk spelt av trekkspelorkester. Det skal spelast komposisjonar / arrangement med minimum tre stemmer. Andre instrument kan nyttast, men trekkspelet skal ha ei fremtrekande rolle. I juniorklassa er aldersgrensa t.o.m 17 år, med unntak av komp og dirigent.		
<b>Varietemusikk</b> maks speletid 15 min	solo	300kr
Inga aldersinndeling. Solistisk underhaldningsmusikk framført på trekkspel. Musikken har ofte eit virtuost preg.		

<b>Kammermusikk</b> maks speletid 15 min	samspel	200kr
Klassisk musikk spelt av lita gruppe Frå to til sju deltakarar, ved to så kan det ikkje vere to trekkspelarar då desse da hører til i duettklassa. Stemmene i partituret skal vere solistisk besatt og det skal spelast uten dirigent. Det oppfordrast til samspel med andre instrument, men trekkspellet skal ha ei framtreddande rolle.		
<b>Samanslåtte klassar</b>		
<b>Open Klasse</b> Her kan ein spele 1-3 stykker / slåttar. Alle som spelar med ei instrumentsammensetning som ikkje passer inn i dei øvrige klassane kan delta i open klasse.		200kr
<b>Nyskaping</b> Denne klassa er for dei som har ein nykomponert slått komponert i tradisjonell stil. Ein slått / melodi / stykke regnast som eit startnummer.		200kr
<b>Rekrutt (under 15 år)</b> Ei klasse for alle unge som driver med folkemusikk og/eller trekkspelmusikk.		100kr
<b>Lagspel Junior med komp</b>	Lag/Klubb	1000
<b>Lagspel Senior med komp</b> Gammaldans spelt av spelmannslag eller trekkspel-/durspelklubb/orkester. Det framførast fem melodiar der alle dei fire danseartane, dvs. vals, polka, reinlender og masurka, eller nært beslekta dansar av desse er representert. I lagspel må ein vere minst fem spelmenn utanom kompet. Fele/hardingfele eller trekkspel/durspel skal være det berande instrumentet. I juniorklassa er aldersgrensa t.o.m 17 år, med unntak av komp og dirigent.	Lag/Klubb	1500
<b>Gruppespel Junior med komp</b>	Gruppe	150kr
<b>Gruppespel Senior med komp</b>	Gruppe	300kr

Gammaldans spelt av gruppe med inntil seks personar utanom kompet. Det framførast fem melodiar der alle dei fire danseartane, dvs. vals, polka, reinlender og masurka, eller nært beslekta dansar av desse er representert.		
---	--	--

I lagspel må ein vere minst fem spelmenn utanom kompet.

Fele/hardingfele eller trekkspel/durspel skal være det berande instrumentet.

I juniorklassa er aldersgrensa t.o.m 17 år, med unntak av komp og dirigent.

## 5. Dømming/premiering

Hver dommer benytter ein poengskala fra 0-100.

Prestasjonen til deltakarane delast inn i følgjande skala:

- **Nivå 4:** 75-100 poeng. Særdeles god prestasjon/mestring
- **Nivå 3:** 50-75 poeng. Meget god prestasjon/mestring
- **Nivå 2:** 25-50 poeng. God - akseptabel prestasjon/mestring
- **Nivå 1:** 0-24 poeng. Lite tilfredsstillende prestasjon/mestring

-Det er tre dommarar i alle klassane med unntak av gruppespel- og lagspelklassane. I desse klassane skal det også være en fjerde dommer som fokuserer på komp.

-Poengsummane til deltakerane blir satt ved å legge sammen poengane til dommarane og dele dette på antall dommarar for å finne gjennomsnittet.

-Resultatlistane blir offentliggjort med poeng. Dette gjeld ikkje rekruttklassen ko det ikkje er poengsetting eller rangering. I rekruttklassane skal alle deltakarane ha premie/medalje.

Det blir delt ut kun ein av kvar medalje (gull, sølv, bronse) i kvar klasse.

Unntaket er duettklassane og i pardans. Her får deltakerane kvar sin medalje.

Dersom ei gruppe, eller lag/klubb ynskjer medalje til alle i gruppa / laget / klubben, så kan ein bestille og få tilsendt medalje i etterkant. Det koster kr 70.- per medalje.